

ADVOKAT HEINE TVILDE

M. N. A.

ORGANISASJONSNR. 874 338 672 MVA
BØNDENES HUS. BOKS 107, 5701 VOSS
TLF. 56 53 14 14, FAX 56 53 14 15

Hordaland fylkeskommune

20 MAI 2016

\K2593\12

19.05.16

Hordaland fylkeskommune
Eigedomsavdelinga
Att.: Guro Klyve
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

GNR. 53 BNR. 5 I VOSS KOMMUNE
AVTALE OM INNLØYSING AV ÅRLEG AVGIFT
SALÆRKRAV


Eg viser m.a. til **avtale av 08.03 – 18.03.16** om innløsning av årleg avgift for gnr. 53 bnr. 5 i Voss, og til mitt brev av 25.04.16 der ein m.a. oversende originalt skøyte, og at eg har fått melding om at skøytet no er tinglyst.

Mitt oppdrag er såleis gjennomført og eg torer senda salærkrav for min bistand til Hordaland Fylkeskommune i tråd med ovannemnde avtale pkt. 2.

Min bistand har m.a. gått ut på diverse telefonsamtalar og konferansar med Asle Gjeraker, gjennomgang av diverse dokument, diverse telefonsamtalar/ e-postar med Hordaland Fylkeskommune v/ Guro Klyve, brev til/ frå HF, utkast til avtale, skøyte, urådighetserklæring m.m. Eg har notert 35 $\frac{3}{4}$ timar og torer rekna meg salær for 35 timar med kr 70.000,- pluss moms kr 17.500,-, tilsaman kr 87.500,-. I tillegg kjem tinglysingsegebyr for urådighetserklæring med kr 525,-. Mitt totale krav vert såleis kr 88.025,-. Fakturaen vert sendt som e-faktura.

Til slutt takkar eg for ryddig samarbeid.

Venleg helsing



Heine Tvilde
advokat

Vedlegg